



**Lærdal kommune**



# **Kommunal PLANSTRATEGI**

**2020 – 2023**

*Fastsett i kommunestyret .....*

## Innhold

---

1 Innleiing.....	3
2 Bakgrunn og føringar for planarbeidet.....	4
Lovverket.....	4
Nasjonle og regionale føringar .....	4
Prosess.....	6
3 Status og utfordringar i kommunen .....	7
Analysar og statistikk.....	7
Utfordringar.....	7
4 Planverk og planbehov .....	16
Kva typer kommunale planar har me? .....	16
Status for samfunnsdelen og vurdering av revisjon i perioden.....	18
Status for arealdelen og vurdering av revisjon i perioden .....	18
Status for økonomiplan med handlingsdel .....	18
Status og vurdering av tematiske kommunedelplanar .....	19
Status og vurdering av kommunale temaplanar .....	20
Status og vurdering av beredskapsplanar .....	21
Staus og vurdering av kommunale reguleringsplanar.....	22

### Vedlegg:

- Folkehelseoversikt 2021 (vert lagt ved til offentleg utlegging)
- Regional analyse for Lærdal (Telemarksforsking, jamnleg oppdarte analysar).  
Analysa kan og lesast her: <https://v2.regionalanalyse.no/rapport/4642/1/1> med større moglegheiter for val av analyserte periodar, ulike indikatorar osv. *Bruk Google Chrome eller andre nyare nettlesarar, ikkje Internet Explorer.*

## 1 Innleiing

---

Kommunal planstrategi er eit lovpålagt tiltak. Det er ikkje ein plan, men ein arena for å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon, som grunnlag for å vurdera planbehovet i kommunestyreperioden. Planstrategien er rettleiande for kommunen si planlegging. Planstrategien tek stilling til utviklingstrekk og utfordringar i kommunen og ser dette i samanheng med kva planar som skal reviderast eller rullerast og om det er behov for nye planar i den inneverande planperioden/kommunestyreperioden. Planstrategien tek ikkje stilling til innhaldet i planane, og er ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar.

Spørsmål å drøfta:

- Kva er viktige utviklingstrekk og endringar i kommunen og i samfunnet elles, både regionalt og nasjonalt, sidan siste kommuneplanvedtak?
- Kva har dette å seia for kommunen sitt planverk? Kva trengst av endringar i eksisterande planar?
- Kva trengst av nye planar ?

Det er viktig at planbehovet også vert vurdert og prioritert i forhold til kapasiteten til dei ulike avdelingane.

## 2 Bakgrunn og føringar for planarbeidet

---

Lowerket

### **Plan- og bygningslova § 10-1 Kommunal planstrategi:**

*«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi.*

*Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves, jamfør lovkommentar til plandelen av plan- og bygningsloven § 10-1 om kommunal planstrategi.*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen.*

*Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling, jamfør lovkommentar til plandelen av plan- og bygningsloven § 10-1 om kommunal planstrategi. Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås saman med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplan».*

Nasjonle og regionale føringar

### **Nasjonale føringar**

Kvart fjerde år vedtek regjeringa nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Dette skal sikre at nasjonale interesser vert ivareteke.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedteke i 2019, legg vekt på fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftsamfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle.

Kommunane har som oppgåve å handtere desse utfordringane. Planlegginga er eit viktig verktøy for kommunen. I dei nasjonale forventningane har regjeringa gjort greie for sine forventningar til kommunane sin planlegging innanfor fire tema:

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling.  
Viktige stikkord er FN sine berekraftsmål, tilpasse planar etter kommunen sitt behov, digitale kartdata, konsekvensar av å stå aleine, tilgang til kunnskap og kompetanse.

2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet.  
Viktige stikkord er klimaansvar, klimatilpassing, stabil og trygg infrastruktur lokalt og i regionen, tilrettelegging for landbruk og styrking av eit variert næringsliv.
3. Berekraftig areal- og transportutvikling.  
Viktig stikkord er fortetting og transformasjon, verna av dyrkbar mark, legg til rette for gode gang- og sykkelsamband, utbygging av breibandsdekning i heile kommunen.
4. Byar og tettstader der det er godt å bu og leve.  
Viktige stikkord er tettstadutvikling, bumiljø, folkehelse, oppvekstmiljø, kultur.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. FN hevdar at 2/3 av måla er avhengig av lokal innsats og berekraftmåla er derfor ein sentral del av grunnlaget for kommunal samfunns- og arealplanlegging. Berekraftmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030.



*FNs berekraftmål*

## Regionale føringar

Regional planstrategi, «Utviklingsplan for Vestland», vart vedteken av fylkestinget i september 2020.

«Utviklingsplan for Vestland» løfta fram fire hovudmål:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland.
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

## Grunnlagsdokument og lokale føringar

- Folkehelseoversikt for Lærdal kommune 2021
- Regional analyse for Lærdal, Telemarksforsking
- Økonomiplan 2020-2023 for Lærdal kommune
- Statistikk og analysar frå SSB og Fylkesspegelen
- Vestland Fylkeskommune sitt statistiske grunnlagsmateriale for regional planstrategi:
  - «Vestland, Folkehelseoversikt 2019-2023»
  - «Vestland, Utfordringar for fylket og for regionane»
  - «Vestland, statistikk og utviklingstrekk

## Prosess for planstrategi

Framlegg til planstrategi er utarbeida i dialog med ulike einingar i administrasjonen. Det er gjennomført intervjurundar med alle einingane, der fleire tilsette i einingane har delteke på møta. Ein har her drøfta status, utfordringar og planbehov i kvar eining. Det har og vore sendt ut innspelsrunde til alle einingane, og alle gruppeleiarane i dei politiske partia. Det vart og varsla oppstart av planarbeidet til dei offentlege myndigheitene og nabokommunane. Det kom blant anna innspel frå Årdal kommune, som ynskja at kommunen vurderte samarbeid med Årdal innanfor plan, kart, oppmåling og brann i planstrategien. Administrasjonen vurderer dette til å liggje utanfor planstrategi-arbeidet. Arbeiderpartiet ynskja at arealdelen vert prioritert, og dette er lagt inn som høg prioritering i planstrategien. Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne minnar om Leva heile livet-reforma, og ber kommunen ta inn dette i planstrategien, noko som er gjennomført. Dei fleste innspela som er komne er teke inn planstrategien.

Kommunal planstrategi skal i medhald av gjeldande delegasjonsreglement handsamast av formannskapet til utlegging til offentleg ettersyn. I følgje Plan- og bygningslova skal planstrategien liggja til offentleg ettersyn i minimum 30 dagar, før den kan vedtakast i kommunestyret.

### 3 Status og utfordringar i kommunen

Analysar og statistikk

Kommunen har fått Telemarksforskning til å gjennomføre **Regional analyse for Lærdal kommune**, og nedanfor er eit samandrag av analysen og utfordringsbilete som kjem fram av denne og gjennom økonomiplanarbeidet.

Den Regionale analysa i sin heilheit, kan lesast her:

<https://v2.regionalanalyse.no/rapport/4642/1/1> (kan ikkje opnast i Internet Explorer).

Administrasjonen utarbeider **Folkehelseoversikt 2021**, som skal liggje som grunnlagsdokument ved utlegginga. Denne vert lagt ved når planen skal leggjast ut til offentleg ettersyn.

Utfordringar

#### **Kommunen som organisasjon**

Kommunestyret legg gjennom økonomiplanarbeidet vekt på eit auka fokus på omstillings- og utviklingsarbeid i kommunen. For kommunen som organisasjon vert det lagt vekt på å vere endringsvillig og omstillingsdyktig. Det inneber at:

- Tenestene me yter, skal best mogleg vere tilpassa brukarane sine behov
- Administrasjon og drift skal vere effektiv
- Kommunen skal ha ein sunn økonomi, og halde oppe eit økonomisk handlingsrom
- Me skal vere opne og lyttande, demokratiske og avgjersleeffektive
- Me skal ha eit trygt og godt arbeidsmiljø prega av ansvar, respekt og omtanke
- Me skal vere ein inkluderande arbeidsgjevar, og særleg legge til rett for å hindra utanforskap

Miljø og klimaomsyn er ein grunnleggjande premiss for all kommunal verksemd og i utviklingsarbeidet til kommunen. Kommunestyret legg særleg vekt på å styrkje Lærdal kommune som ein miljøvenleg kommune, og ønskjer å gjennomføre fleire utviklingstiltak for å oppnå dette.

#### **Økonomi og mål i økonomiplan**

Den langsiktige utfordringa og det overordna målet for Lærdal er vekst i folketal og arbeidsplassar. For å få det til må me:

- ta vare på og skape arbeidsplassar
- ha tomter og bustader tilgjengeleg
- støtte opp om frivillige lag og organisasjonar i kommunen
- yte gode tenester for å gjere det attraktivt å vere innbyggjar i Lærdal kommune
- utvikle næringsareal for å få næringsdrivande til å etablere seg i Lærdal
- utvikle Lærdal kommune sitt potensiale som knutepunkt

Analyse gjennomført av Telemarksforskning syner at Lærdal kommune på dei sentrale tenesteområda samla har eit meirforbruk på ca. 16 mill. kr i forhold til kommunen sine økonomiske rammevilkår (Kjelde: Rapport frå Telemarksforskning; KOSTRA og effektivitetsanalyse 2019). Telemarksforskning sin konklusjon av KOSTRA-analysen for 2019 er at kommunen brukar meir pengar på dei sentrale tenesteområda enn det dei økonomiske råmene tilseier, og at dette særleg er knytt til administrasjon, landbruk, grunnskule, kommunehelse, barnevern og sosialteneste.

## Folketalsutvikling

Dei siste 20 åra har det vore relativt små endringar i folketalet i Lærdal. Det høgaste innbyggjartalet var i 2. og 3. kvartal 2010, då det var 2227 innbyggjarar i kommunen, medan det lågaste talet var i starten av 1. kvartal 2020, då det var 2126 innbyggjarar. Det er imidlertid ein klar nedadgåande trend dei siste ti åra.

Tilflytting har bidrege til at ikkje innbyggjartalet har vore sterkt synkande, men dei siste åra har tilflyttinga vore lågare. I aldersfordelinga i kommunen dei siste 5 åra, kjem det fram at Lærdal har høgare tal eldre enn landet elles. Det er lågare tal innbyggjarar mellom 20 og 50 år enn landet elles, og dette gir også eit lågare tal små born. Lærdal mistar mange unge i alderen 20-30 år (fråflytting). Det hjelper likevel noko på aldersbalansen at nokre unge vaksne med born vel å flytte til Lærdal (tilflytting). Kort oppsummert, så fører altså stort fødselsunderskot, skeiv aldersfordeling og stor utflytting til nedgang i innbyggjartalet i Lærdal. Låg dødelegheit og tilflytting av unge vaksne med born bremsar nedgangen i folketalet noko, men det er framleis nedgang.




Fig1 Utvikling i folketalet i Lærdal, målt kvart kvartal

I den siste tiårsperioden hadde Lærdal eit fødselsunderskot på 2,8 % av folketalet og ein netto utflytting (inkludert innvandring) på 0,5 %. Folketalet gjekk altså tilbake 3,3 % i denne tiårsperioden. Berre i 2019 sank folketalet med 1,1 % grunna fødselsunderskot (0,7 %) og netto utflytting (0,4 %). Fødselsbalansen har vore lågare i Lærdal enn elles i landet. Det kan verka som fødselsunderskotet er aukande.




Fig 2 Tal innbyggjarar i ulike scenarie, samt SSB si framskriving

I SSB sine framskrivingar for Lærdal vil kommunen få ein nedgang i folketalet frå 2126 innbyggjarar i 2020 til 2058 innbyggjarar i 2040. I Telemarksforsking sine mest optimistiske scenario, der Lærdal har høg attraktivitet, vil folketalet likevel synke til 1979 innbyggjarar i 2040. Ein av årsakene til negative framskrivingar, er det aukande fødselsunderskotet pga. alderspyramiden til Lærdal (fleire eldre, færre i fruktbar alder). Det er og forventa lågare attraktivitet og dermed netto utflytting frå kommunen.

Det er store variasjonar i prognosane, ut i frå korleis ein vurderer attraktiviteten til Lærdal i framtida. Busettingsattraktivitet er avhengig av ulike faktorar som tilgjengelege arbeidsplassar, bustadar og sentralitet.

Lærdal hadde større tilflytting/busettingsattraktivitet enn forventa dei siste 5-10 åra, samanlikna med tidlegare prognosar. Dette seier oss at å lukkast med å gjera kommunen attraktiv med tilgjengelege arbeidsplassar, bustadar og tilbod i lokalsamfunnet, kan motverka folketalsprognosane som ligg føre.

## Demografi – aldersfordeling


Prognosane tilseier ei sterk auke i aldersgruppa over 80 år, samstundes som er ei markant nedgang i gruppa for yrkesaktiv alder. Det er og ein nedgang i gruppa for 0-17 år. Når ein ser på folketalet i Lærdal per 2020 på 2133, og målet om at kommunen skal ha 2300 innbyggjarar i 2024, vil det innebere ein folketalsvekst på kring 42 per år frå og med 2021, noko som ikkje samsvarar med prognosane. For å endre aldersfordelinga, og dermed kanskje i nokon grad motverke demografisk utvikling og nedgang i folketalet, må det prioriterast å rekruttere unge familiar til kommunen, og det må då leggjast til rette for arbeidsplassar, gode kulturtilbod, gode oppvekstvilkår og variert butilbod.

## Samfunns mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030 var vedteken ikommunestyret 13.12.2018. Den inneheldvisjonen for lærdalssamfunnet, GrøneLærdal, samt mål og strategiar for at Lærdal skal utviklast for å innfri visjonen i stadig høgare grad.

Lærdal kommune skal vere den beste kommunen i å gjennomføra Det grønne skiftet. Det vil seia omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innanfor naturen si tolegrense. Det tyder og ein overgang til produkt og tenestar som gjev mindre negative konsekvensar for klima og miljø enn i dag.

Det er semje om Grøne Lærdal som visjon og ramme for kommuneplanen sin samfunnsdel. Arbeidet vert definert som eit samfunnsutviklingsprosjekt for Lærdal. Kommunen og næringsapparattlegg rammer og inviterer til samskaping med alle gode krefter i arbeidet. Tankar om å bygge opp ei felles utviklingstenking og -metodikk på tvers av næringsliv, lag, organisasjonar innbyggjarar og kommune koplars me til arbeidet med Grøne Lærdal.



*Utklupp frå samfunnsdelen, der dei to programråda har fått nokre hovudmål knytt til seg.*

Delmål
Lærdal kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-24 år. Med ein årleg vekst på 1%, og vekst på 15% innan 2030. Lærdal har 2300 personar i 2024 og 2400 personar i 2028.
Lærdal skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekst-vilkår.
Lærdal skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar. Det skal vera minst 1200 arbeidsplassar innan utgangen av 2024. Me skal bidra med 5 nye bedrifter knytt til Det grønne skiftet innan 2024.
Lærdal kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik.
Lærdal skal redusera utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff.
Lærdal kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktige natur- og kulturlandskap.
Lærdal kommune skal ivareta landbruksnæringa og sikre dyrkbar jord for framtida.
Lærdal kommune skal sikra at utbygging av hytteområde og enkelthytter tek omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta sin tilgang til friluftsområde.
Lærdal kommune skal jobbe for gode og sikre vegsamband med utbygging av strekninga Håbakken-Lærdalsøyri, lang tunnell forbi Ljøsne (E16), brukrysning Fodnes-Mannheller og vintersikker RV52 over Hemsedalsfjellet.
Lærdal kommune skal styrke sin posisjon som helsekommunen i Sogn, både ved å styrke eksisterande funksjonar ved sjukehus og Lokalmedisinsk senter, men også ved å arbeide for etablering av nye tenester, tilbod og funksjonar innan helse, omsorg, førebygging og rehabilitering.
Lærdal kommune skal arbeide kontinuerleg for å betre infrastruktur / kommunikasjon i alle delar av kommunen.
Lærdal kommune skal byggje vidare på merkevara, då spesielt med tanke på å vidareutvikla attraksjonane me har, dei gamle vegane, Gamle Lærdalsøyri, Indre Sogn kunstsenter, Villakssenteret, Borgund stavkyrkje, men og legge til rette for nye reiselivsverksemder og attraksjonar.
Lærdal kommune skal styrke Lærdalsøyri som kommunesenter og skapa ein levande tettstad med eit attraktivt sentrumsområde.

*Målsettingar for utvikling av Lærdalssamfunnet vedteke i samfunnsdelen.*

Samla føringar for vidare arbeid med arealdelen
Sette av tilstrekkeleg med bustadtomter, og legge til rette for ulike bustadalternativ. Ha ferdig regulerte bustadtomter til ein kvar tid.
Sette av tilstrekkeleg med næringsareal. Ha ferdig regulert næringsareal til ein kvar tid.
Leggje til rette for sentrum- og tettstadutvikling for å gjera Lærdal meir attraktiv som bustadkommune og for etablering av næringsverksemd.
Sikre landskapsverdiane, naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø med omsynssoner i arealdelen.
Sikra gode og trygge gang- og sykkelveg-løysingar i heile kommunen.
Sikra tilstrekkeleg areal til offentleg tenesteyting.
Sikre univerelt utforma, sentrumsnært turdrag.
Sikre viktige og varierte friluftareal i kommunen.
Sikre areal til offentleg tenesteproduksjon.
Sikre areal/tilgang til kommunale bustader.
Vurdere behov for skred- og flaumsikring i busette område og langs vegar i kommunen.
Sikra eksisterande drikkevatnkjelder.
Lage temakart for ROS-tema.
Utarbeida naudsynte konsekvensutgreiingar i ROS-analysar for alle nye byggeområde for å kartleggje risiko- og sårbarheit og minimera denne med avbøtande tiltak.

*Samla føringar for vidare arbeid med arealdelen, vedteke gjennom samfunnsdelen*

Analyse gjennomført av Telemarksforskning syner at Lærdal kommune på dei sentrale tenesteområda samla har eit meirforbruk på ca. 16 mill. kr i forhold til kommunen sine økonomiske rammevilkår (Kjelde: Rapport frå Telemarksforskning; KOSTRA og effektivitetsanalyse 2019). Telemarksforskning sin konklusjon av KOSTRA-analysen for 2019 er at kommunen brukar meir pengar på dei sentrale tenesteområda enn det dei økonomiske råmene tilseier, og at dette særleg er knytt til administrasjon, landbruk, grunnskule, kommunehelse, barnevern og sosialteneste.

### Landbruk

Eit levande landbruk er grunnlaget for all busetjing i små og mellomstore grender, så også i Lærdal. Dersom det ikkje er bønder som held kulturlandskapet i hevd, så svinn mykje av attraktiviteten til dei einskilde bygdene hen. Det meste av dyrka mark og beite halde i hevd i grendene i Lærdal. Område med driftsmessig utfordrande topografi og lite ressursgrunnlag for grasbasert landbruksdrift har størst utfordring med å halde det tradisjonelle jordbrukslandskape ope. Anna landbruksnæring som frukt og bær kan kompensere, men lite ressursgrunnlag og reduksjon i beitedyr er ei utfordring for jordbrukslandskapet og busetnad i deler av kommunen. I Lærdal er det relativt sett stor produksjon av frukt og bær, noko markanden etterspør. Dette er ein produksjon kommunen bør stimulere, der det er egna grunn og klima.

### Bustadar

Kommunen har mangel på sentrumsnære bustadtomter. Det er bygd fleire leilegheiter siste åra, men lite einestadar. Det er viktig for kommunen å ha eit meir variert bustadtilbod, for å gjera seg enno meir attraktiv som den føretrekte bukommunen.

## **Samferdsle og infrastruktur**

Breibandsdekning har vorte vesentleg betre, store delar av kommunen har fiberløyising tilgjengeleg. Det har skjedd stor utbygging av E16 i Lærdal over fleire tiår, men det står enno att ein «flaskehals» på Tønjum – Ljøsne. Det er utfordringar knytt til ras- og flaumfare på fleire av fylkesvegane, og det er mangel på mobil-, breiband og naudnettsamband i fleire av tunnelane og på vegen over Aurlandsfjellet. Vegen over Hemsedalsfjellet, då serleg nedstigninga mot Borlaug er ein ulukkesbelasta strekning.

## **Næringsutvikling og sysselsetting**

Det er fleire nye etableringar på gang innanfor næringslivet, og kommunen har fleire interesserte på det nye næringsarealet Håbakken 2. Det er nokre utfordringar i sentrumsområde med fleire tomme lokale og næringsbygg. Mange av næringane er robuste, og klarar svingningar i marknaden godt. Koronaepidemien har truleg ikkje hatt svært stor negativ konsekvens for næringslivet samla i Lærdal, men dette kan slå svært ulikt ut, slik at enkelte firma kan bli ekstra hardt ramma. Landbruk og reiseliv er framleis store og robuste næringar i kommunen, og bygg og anlegg, transport og logistikk er og større næringar i kommunen.

## **Samfunnstryggleik, klima og miljø**

Store deler av kommunen ligg innanfor aktsemdområde for skred og/eller flaum. All aktivitet i strandsona må sjåast i samanheng med venta havnivåstigning og stormflo. Det er også auka fokus på miljømål for vassdraga i kommunen. Ved revisjon av arealplanar er det viktig å få fletta inn oppdatert informasjon. Landbruk er viktig næring i kommunen; dyrka og dyrkbar jord må forvaltast med varsemd. Det er utfordringar knytt til ny metodikk for å kartlegge naturmangfaldet. Kommunen kjem ofte i vanskelege situasjonar knytt til ulik vurdering av verdien av naturtypar. Kommunen har komme langt i arbeidet med grøn omstilling, og dreiar utviklingsretninga mot meir berekraftig utvikling. Sjølv om me prøver å redusere klimagassutsleppa, er det mange faktorar me ikkje kan påverke. Kommunen må uansett vere førebudd på ulike scenarier knytt til forventa klimaendringar.

FN's bærekraftsmål er definert med føremål å ver verda si felles plattform/ arbeidsplan for utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til dei som lev i dag, utan å øydelegge mulegheita framtidige generasjonar har for å dekke sine behov. Berekraftmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling; klima og miljø, økonomi og sosiale tilhøve.

## **Beredskap – risiko og sårbarheit**

Kommunane har ansvaret for at det vert gjennomført vurderingar av risiko- og sårbarheit i samband med planar for utbyggingsprosjekt for å redusere fare for økonomiske konsekvensar og tap av liv i forbindelse med / som ein konsekvens av gjennomføring av planlagde tiltak. Grunnlaget for kommunen sitt ansvar er gjeve gjennom nasjonale føringar.

Lærdal kommune har på overordna nivå fylgja opp dei nasjonale føringane gjennom desse dokumenta: Overordna ROS-analyse omfattar heile kommunen si overordna verksemd og moglege uynskte hendingar som kan skje innafor kommunen sitt geografiske område

Kommunen skal kartleggja mogelege hendingar, vurdera sannsyn for at dei kan skje og korleis dei i såfall kan påverka kommunen. Resultatet av arbeidet er vurdert og samanstillt i ein heilskapleg ROS-analyse i 2019.

Kommunane skal ved overordna arealplanlegging (i praksis i samband med utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen) gjera ei særskild vurdering for risiko og sårbarheit for alle nye utbyggingsområde. Det er også gjennomført ei omfattande kartlegging av skredfarlege område i kommunen (NVE), samt at det er gjennomført ei flaumsonekartlegging knytt til Lærdalsøyri. I løpet av perioden vil det bli utarbeida ein kartlegging av kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag som vil inkludere ROS analyse og som kan leggjast til grunn for arealplanlegging.

Lærdal kommune har ein topografi som gjer at det er utfordringar knytt til mange typar naturfare, og ein byrjar å få på plass ras-, skred- og flaumvurderingar fleire plassar. Det manglar likevel gode, oppdaterte vurderingar med klimapåslag for fleire område som kan vere utsatt, og dette bør vere ei prioritert oppgåve å få på plass. Kommunen er i gang med flaumsikringsprosjekt for Lærdalsøyri, i samarbeid med NVE.

## Folkehelse

Kommunen har ikkje folkehelsekoordinator, eller helsesjef. Det er difor av og til utfordringar knytt til å ansvarleggjere einingane for å ta med folkehelse i alle planlegging i kommunen. Kommunen har synleggjort mål og strategiar på folkehelseområdet i kommuneplan og kommunedelplanar, og folkehelse bør vere ein integrert del av alle sektorplanar. Kommunen har ikkje tidlegare hatt folkehelseoversikt, men denne skal leggjast ved når planstrategien skal på høyring. Trendane med blant anna aldrande befolkning, aukande overvekt og aukande sosial ulikskap, speglar utviklinga i regionen og landet, og det er behov for tverrfagleg planlegging på overordna nivå, og spissa planlegging spesielt innan helse, oppvekst, arealplanlegging og kultur for å møte utfordringane.



*Folkehelse som ein del av den heilheitlege planprosessen*

## Integrering, inkludering og busetjing

Ein ser at talet på busette flyktningar / flyktningar som kjem til landet har gått ned dei siste par åra. Uavhengig av omfanget av flyktningar kommunen får ansvaret for, er busetting og vellukka integrering avgjerande. Sentrale oppgåver for å lukkast med arbeidet er:

- god kunnskap om det norske språket og samfunnet
- utdanning og arbeid

- bustad
- god integrering i lokalsamfunnet

Deltaking i frivillige organisasjonar bidreg til god integrering så vel som folkehelse. Derfor er det særst viktig at kommunen har fokus på å leggje til rette for, og støtte opp under, aktivitetar og organisasjonar som har til formål å inkludere folk frå alle samfunnslag. Ein ser sterk nedgang i tal medlemmar i grendelag i kommunen, og tal aktive grendelag. Dette medfører at ein må tenkje nytt rundt innbyggjarmedverknad i kommunale prosessar i større grad leggje opp til nye møteplassar og samarbeidsarenaer. Gjennom planperioden vil dette settast fokus på i kommuneplanens samfunnsdel, og i temaplanar innan oppvekst, helse og kulturavdelingane.

### **Kultur og frivillighet**

Kulturminner kan nyttast for å auke forståelsen for fortida og tilhøyringa til området, noko som igjen er viktig får å skape eit attraktivt samfunn med sterk identitetskjensle. Lærdal har eit mangfald av verdifulle kulturminne som strekkjar seg heilt frå forhistorisk tid med spor etter gamle busetnader og reinsjakt i fjellet, høgfjellsristningar og gravhaugar. Det er fleire flotte kyrkjer i området, spesielt verdfull er Borgund stavkyrkje. Den gamle trehusbebyggelsen på Gamle Lærdalsøyri synleggjer mykje av historien til Lærdal som handelstad over lange tidsepokar.

Kulturminna må sjåast som ein ikkje-fornybar ressurs som må takast vare på for framtidige generasjonar. Trugslar mot kulturminna er slitasje, arealendringar og klimanedringane. Blant anna vil varmare og våtare vær vil auke faren for råte i gamle bygg og føre til øydelegging av verdifulle forhistoriske kulturminna kan ligge gøymd i gamal is i høgfjellet. Å setje fokus på kulturminna kan auke interessa rundt dei og dermed bidra til at folk vil bevare eller restaurere dei. Samtidig kan det få ringverknader på andre kulturområde og verdiskapning gjennom turisme.

Gode kulturtilbod vert og stadig viktigare for å rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft, og derfor er det viktig å sikre gode og varierte kulturtilbod i kommunen. Internett og digitale løysningar gjeve nye moglegheiter.

### **Barn og unge sine interesser**

Kommunen har lenge slitt med å få Ungdomsrådet i kommunen til å fungere godt, men har no fått på plass eit velfungerande ungdomsråd. Kommunen har og gjort aktive tiltak for å engasjere Barnerepresentanten meir aktivt inn i planlegginga til kommunen. Det skjer ein del endringar i kommunen no, som kan ha konsekvensar for born og unge, som etablering av ny Ungdomsklubb, flytting av bibliotek, ombygging av Lærdalsøyri skule, osv. Det er viktig å sikre born og unge sine interesser i alle planarbeid, og det er viktig at det blir skapt moglegheiter for breid medverknad, slik at det ikkje berre er nokre få engasjerte ungdommar som får uttale seg.

### **Kommunereform og regionreform**

Lærdal kommune held fram som eigen kommune, men har samarbeid med nabokommunane på fleire område. Sogn og Fjordane fylke er slege saman med Hordaland fylke, og kommunen er no ein del av Vestland fylke. Det kan verta ein utfordring å vera ein liten kommune blant enno fleire kommunar enn tidlegare.

## 4 Planverk og planbehov


Det er ressurskrevjande å utarbeida og revidere/rullere planar. Planverket bør derfor avgrensast til det som er naudsynt for å oppfylla viktige mål. Lovpålagde planar må prioriterast. Planstrategien skal gje svar på fylgjande:

- Kva endringar må eller bør gjerast i eksisterande planar som skal vidareførst?
- Kva planar kan vidareførast og kva kan gå ut/verta oppheva?
- Kva trengst av nye planar?

Kva typer kommunale planar har me?

Kommunen har planar både for arealbruk og ulike verksemdsområder. Fleire av planane er lovpålagde. Planar er eit reiskap for å setja politikk ut i praksis.

Alle kommunen sine planar kan delast inn eit planhierarki:



Figur syner planhierkiet i kommunane

### Kommuneplan

Kommuneplanen skal handsamast i samsvar med Plan- og bygningslova, som set krav til varsel om oppstart, høyring og offentleg ettersyn og politisk handsaming og vedtak.

Kommuneplanen består av:

1. Samfunnsdelen
  - Handlingsdel til samfunnsdelen, denne vert kopla opp mot økonomiplan.

2. Arealdelen
3. Økonomiplan og budsjett med årleg politisk handsaming og vedtak.  
Kommunelova §14-4 seier at kommune kan velje å utarbeide økonomiplan som samtidig skal fungere som handlingsdel til samfunnsdelen av kommuneplanen.

Utarbeiding og revisjon:

Behov for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal vurderast i kommunal planstrategi kvart 4. år.  
Økonomiplan og budsjett vert rullert kvart år.

### **Tematiske kommunedelplanar**

Tematiske kommunedelplanar skal handsamast i samsvar med Plan- og bygningslova, som set krav til varsel om oppstart, høyring og offentleg ettersyn og politisk handsaming og vedtak.

Utarbeidast ved behov for detaljering eller utfylling av den overordna planen. Det er to slags delplanar:

- Kommunedelplan for viktige tema eller sektorar. Døme: oppvekst.
- Delplanar for arealbruk. t.d. for tettstader i kommunen.

Utarbeiding og revisjon:

Behov for revisjon vert vurdert i kommunal planstrategi kvart 4. år

### **Temaplanar utarbeidde etter anna lovverk enn Plan- og bygningslova.**

Omfattar planar som er laga for å fylgja opp føringar i samfunnsdelen, sektorovergripande planar, lovpålagde planar eller fagplanar.

Utarbeiding og revisjon:

Det er ikkje krav om at temaplanar skal vurderast i planstrategiarbeidet, men i førre planstrategi vart det gjort og det gir ein heilskapleg oversikt. Temaplanar vert derfor vidareført som ein del av planstrategien for kommunen.

Kommunen står fritt til å fastsetje opplegg for utarbeiding og medverknad ut i frå kva som er tenleg i kvart tilfelle og eventuelt føringar i aktuelt lovverk.

Planprosessane vert forma etter behov. Nokre temaplanar vert lagt fram til politisk godkjenning andre til orientering i kommunestyret.

### **Kommunale reguleringsplanar**

Gjeld arealbruken i kommunen og skal i hovudsak vera ei vidareføring og detaljering av kommuneplanen sin arealdel. Reguleringsplanar skal handsamast i samsvar med Plan- og bygningslova. Lova set krav til varsel om oppstart, høyring og offentleg ettersyn og politisk handsaming og vedtak.

Det er etter Plan- og bygningslova to typar reguleringsplanar:

- Områdereguleringsplanar: Større område, mindre detaljering.
- Detaljregulering: Høg detaljeringsgrad, vanlegvis mindre område.

Utarbeiding og revisjon:

Behov for nye reguleringsplanar vert vurdert i kommunal planstrategi kvart 4. år.

Status for samfunnsdelen og vurdering av revisjon i perioden

Samfunnsdelen m. handlingsdel vart vedteken i kommunestyret i desember 2018 etter ein lang og breid medverknadsprosess. Det vart gjennomført ein større prosess for å fastlegge visjonen for kommunen, og det vart gjennomført involvering spesielt frå næringslivet i kommunen som har vore gjennom større omstillingsprosessar siste åra.

Samfunnsdelen har i det store oppdaterte og gjeldande mål og strategiar, men nokre av måla er kanskje noko urealistiske (som for eksempel forventning om stor auke i folketallet dei neste 3 åra). Det er likevel slik at ein overordna plan ikkje vil vera gjeldande og oppdatert i heile kommunestyreperiodoen, då planar ganske raskt vil endre seg på enkelte område. Det blir vurdert at samfunnsdelen vil fungere som eit godt styringsverktøy nokre år til. Ideelt sett, så vert samfunnsdelen planlagt revidert i 2022, slik at den kjem inn i eit 4-årig revideringsprogram. Me ser likevel at på grunn av det pågåande arbeidet med arealdelen, og mange store planprosessar på kommunedelplannivå og reguleringsplannivå, vert det vurdert at kommunen ikkje bør gå i gang att med ein revidering i 2021-2022. Revidering av samfunnsdelen er ein svært omfattande prosess, og er ressurskrevjande. Kommunen har etterslep på fleire større planar som heller bør prioriterast slutført. Det er og ei målsetting å komma inn i eit plansystem som gjer til at ein kan sjå økonomiplanarbeidet meir i samheng med kommuneplanarbeidet enn det ein har fått til i kommunen til no.

Målsettinga er at til neste kommunestyreperiode, er administrasjonen klare med ferdig utarbeida grunnlagsmateriale (analyse, status og folkehelseoversikt), og kan då gå i gang med felles planprosess for Kommunal Planstrategi, Økonomi- og handlingsplan og revidering av Samfunnsdel og deretter arealdelen. Ein vil då kunne gjennomføre ein stor og omfattande prosess for dei overordna planane samstundes, noko som skapar god oversikt, god samheng i mål, strategiar, tiltak og økonomi, og som vil spare både administrasjonen og politikarane fleire store planprosessar som omhandlar mange av dei same temaer.

Status for arealdelen og vurdering av revisjon i perioden

Gjeldande arealdel vart vedteken i 1995, og har vore eit svært utdatert styringsverktøy. Fleire av kommunedelplanane har vore utarbeida seinare, så for enkelte område er ikkje overordna planverk så utdatert. Utarbeiding av ny arealdel er no godt i gang, og kommunen har her og vald å revidere alle kommunedelplanane samstundes for å få eit oppdatert og heilheitsleg planverk for overordna arealplanlegging. Dette arbeidet er forventa slutført i 2021, og det vert ikkje planlagt for fleire revideringar av arealdeln i kommunestyreperioden.

Status for økonomiplan med handlingsdel

Økonomiplan med handlingsdel vart vedteke i kommunestyret i desember 2020. Det har vore ei utfordring å få knytt økonomiplanen tilstrekkeleg saman med anna overordna planverk, slik at analysar, utfordringsbilete, mål, strategiar og tiltak er godt samordna. Administrasjonen vil difor rå til at det vert lagt opp til ein felles prosess for dei overordna planverka tidleg i neste planstrategiperiode, og at det allereie i slutten av denne perioden

vert førebudd prosessen, med å ha gjennomført analyse og utfordrings-arbeidet. Handlingsdelen i økonomiplanen vert rullert årleg i planstrategiperioden.

## Status og vurdering av tematiske kommunedelplanar

Kommunen har svært mange temaplanar, og det er vanskeleg for einingane å ha oversikt og oppdatere planane etter kvart. Kommunen har jobba ved dei to førre planstrategiane med å forenkle plansystemet, og i førre planstrategiperiode vart det gjort ein større jobb for å forenkle spesielt beredskapsplanane. I denne planstrategiperioden har ein sett spesielt på å få samla fleire tema- og tiltaksplanar inn i kommunedelplanar for kvart område/eining, for eksempel for helse og omsorg, og for oppvekst. Dette er einingar som har mange planar som skal utarbeidast og rullerast for å tilfredstille ulike lovkrav.

### **Kommunedelplan for Klima, energi og miljø 2021 - 2030**

Kommunen er i sluttfasen for denne planen, som legg føringar for meir berekraftig utvikling, og inneheld mange tiltak kommunen skal arbeide med i åra framover. Det blir ikkje lagt opp til ny rullering av denne i planstrategiperioden.

### **Kommunedelplan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021 – 2024**

Er nyleg vedteken (november 2020). Årleg rullering av handlingsplanen vert lagt inn i planstrategiperioden. Planen er grunnlaget for å søke om spelemidlar til idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i kommunen.

### **Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø 2018 – 2027**

Denne planen vart vedteken i 2019, og tek for seg vurderingar og prioriteringar for arbeidet med forvaltning av kulturminna og kulturmiljøet i kommunen. Planen bør nok reviderast og samkøyrast meir med økonomiplanarbeidet, i tillegg til å supplerast med nokre tema som ikkje vart prioritert ved utarbeiding. Det er få ressursar på kulturminne i kommunen, så planarbeidet vert ikkje prioritert i plastrategiperioden, men bør truleg prioriterast tidleg i neste planstrategiperiode.

### **Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2018 – 2022**

Kommunen har ein god og oppdatert Trafikktryggleiksplan, der handlingsplanen er rullert årleg. Denne planen er grunnlaget for å søke tilskot hjå fylkeskommunen til trafikktryggleikstiltak. Det er planlagd rullering av trafikktryggleiksplanen i 2022.

### **Hovudplan for avløp og Hovudplan for avløp**

Desse planane vart revidert i 2018. Teknisk eining ynskjer å samle desse i ein plan, for å gjere arbeidet med revidering enklare og meir effektivt, samstundes som ein får sjå dette meir i samanheng med vassforsyning, vasskvalitet, vassressurslova osv. Det blir lagt opp til utarbeiding av ein Kommunedelplan for vassforsyning, vatn og avlaup i planperioden, men denne vert ikkje prioritert før i slutten av planstrategiperioden pga. kapasitet.

### **Kommunedelplan for Næring (med strategisk næringsplan implementert)**

Kommunen har ikkje ein eigen kommunedelplan for næring eller strategisk næringsplan. Kommunen har tidlegare vore i omstillingsprosess pga. store nedleggingar av arbeidsplassar, og det vart då gjennomført store planarbeid knytt til Omstillingsplan med handlingsdel. Det er no tid for å planlegge for eit robust, heilskapleg og nytenkande næringsliv i Lærdal, som

ikkje lenger er i omstillingsprosess. Kommunen er i tilsettingsprosess for ny næringssjef, så planarbeid blir skyvd til 2022, slik at den nye næringssjefen får arbeida ei stund før ein får ansvaret for dette store planarbeidet. Landbruk og Reiseliv er store og viktige næringer i kommunen som bør involverast tungt i planarbeidet. Nokre av temaplanane og tiltaksplanane til landbruk kan vurderast å verte implementert i kommunedelplanen.

## **Kommunedelplan for Naturmangfald**

Alle kommunane i landet har fått moglegheit til å søkje om midlar til å få utarbeidd ein kommunedelplan for naturmangfald. Då me har mange registrerte naturtypar av høg verdi i Lærdal, og mange registrerte artar, vil dette ha konsekvensar for arealplanlegginga vår. Det er utfordringar knytt til nye metodar for kartlegging og verdisetting, og ulike fagpersonar er ikkje alltid samde i vurderingane som er gjort tidlegare, og nyare geografiske avgrensingar. Det vil verta enklare for kommunen å forholde seg til naturmangfald og prioriteringar og konsekvensar for arealplanlegginga, dersom det vert gjennomført heilskapleg kartlegging og vurdering av viktige naturkvalitetar i heile bygda i ein heilskap. Grunna andre prioriteringar, ser ikkje administrasjonen at det er kapasitet til å starte dette arbeidet før tidlegast 2022. Dette er og lagt inn som tiltak i planperioden for Komunedelplan for Klima, energi og miljø.

## **Kommunedelplan for Helse, Omsorg og Folkehelse**

Kommunen manglar overordna og oppdatert planverk for Helse- og omsorgssektoren, og i tillegg for folkehelse. Det er behov for å lage ein overordna kommunedelplan for dette området. Førre «omsorgsplan» vart utarbeida i 2012, og mykje har skjedd på området etter dette. Både ruspolitisk handlingsplan, handlingsplan for vald i nære relasjonar, folkehelseplan, plan for psykiisk helsearbeid, plan for førebygging, rehabilitering og habilitering, og plan for Leva heile livet er døme på planar som bør vurderast implementert i denne kommunedelplanen. På grunn av kapasitet, vert det vurdert at arbeidet vert lagt litt uti planstrategiperioden (2022).

## **Kommunedelplan for Oppvekst**

Kommunen har svært mange temaplanar, tiltaksplanar og sektorplanar for oppvekstsektoren. Det er behov for å forenkle plansystemet, og leggje til rette for meir effektiv handtering og rullering av lovpålagde oppgåver innanfor planarbeida. Det er og behov for å tenke meir heilskapleg mellom barnehage og skule, og meir tverrfagleg for alle einingane i sektoren. Eininga har ynskja rask oppstart av dette arbeidet, då dei har mange planar som no skal rullerast framover. Det er då ei målsetting av flest mogleg av desse vert samla i Kommunedelplan for Oppvekst, anten som delkapittel eller som vedlegg til planen, ut i frå kvar dei er plasserte i planhierkiet. Planarbeidet er prioritert i 2021.

## Status og vurdering av kommunale temaplanar

Dei ulike avdelingane i kommuneadministrasjonen har fleire temaplaner som utredar viktige tema og målsettingar innanfor deira eigne fagfelt. Planprosessen med desse er mindre ressurskrevjande enn ved kommunedelplanar ettersom temaplanar ikkje krev behandling etter plan- og bygningsloven.

Nokre større temaplanar for kommunen er og kan vere:

### **Bustadpolitisk handlingsplan**

Er vedteke oppstart, men kommunen har ikkje hatt ressursar eller kapasitet til å fullføre arbeidet. Er eit planarbeid som bør prioriterast slutført i planstrategiperioden, og planen er sett opp i 2021.

### **Forvaltningsplan for Lærdalsvassdraget**

Planen tek for seg verdiar og prioriterte tiltak i vassdraget, sakshandsamingsrutinar, naudsynte kartleggingar osv. Planen vart vedteken i 2019, og det vert ikkje lagt opp til revidering av planen i planstrategiperioden.

### **Plan for førebygging, habilitering og rehabilitering**

Planarbeidet her er godt i gang, og nærmar seg slutfasen. Planen bør inngå som ein del av Kommunedelplan for Helse, Omsorg og Folkehelse.

### **Leva heile livet**

Regjeringen gjennomfører kvalitetsreforma «Leva heile livet». Målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å mestre livet. Leva heile livet handlar om dei grunnleggjande tinga som ofte sviktar i tilbodet til eldre: mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestane. Reforma legg opp til at kommunane set Leva heile livet på dagsorden, analyserer eigne utfordringar og utformar løysingar i planverket. Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsemne har skrive innspel til planstrategiarbeidet til kommunen, at det bør lagast eigen plan for Leva heile livet – reforma. Administrasjonen har drøfta dette ved fleire høve, og i eige møte med Statsforvaltaren og rådet. Administrasjonen vil rå til at Leva heile livet-reforma blir implementert i Kommunedelplan for Helse og Omsorg, for å kunne sjå tverrfagleg og heilskapleg på dei ulike problemstillingane, og få knytt dette saman med alle mål og strategiar i overordna planlegging.

### **Kulturplan**

Denne vart vedteken i 2015, og burde nok vore revidert i planstrategiperioden. Samstundes har dei no få ressursar på kultur, og det er mykje anna som skjer på eininga. Det bør vera eit mål at ein tidleg i neste planstrategiperiode vurderer plansystemet til eininga Kultur, og vurderar om det bør lagast ein Kommunedelplan for kultur, kulturminne og kulturmiljø.

### **Status og vurdering av beredskapsplanar**

Kommunen har gjennomført eit stort arbeid for å forenkle og samordne ulike beredskapsplanar i overordna planverk. Det har vore eit mål at det ikkje ska vera så mange beredskapsplanar i kommunen som må reviderast ofte, og heller samle desse i ein plan, for å forenkle ajourhald og revideringar.

### **Overordna ROS-analyse**

Vart vedteken i 2019, og inneheld omfattande og tverrsektoriell vurdering av risiko og sårbarheitsbilete i kommunen og er knytt til både helse og sivilbeskyttelse med ulike scenarier og prioritering av tiltak for å redusere risikobilete. Det vert vurdert at analysa er god og tilfredstillande gjennom planstrategiperioden.

## **Overordna Beredskapsplan**

Vart vedteken i 2019, saman med ROS-analysen. Inneheld både overordna beredskapsplan på administrativt nivå, plan for kriseleiing, plan for kriseteam, plan for krisekommunikasjon, plan for evakueringscenter og kontaktlister. Kommunen har eit godt system for rulling og ajourhald (årleg og ved behov), og vurderer det som ikkje naudsynt å prioritere full revidering av planen i planstrategiperioden.

## **Smittevernplan og pandemiplan**

Kommunen har gamle planar for smittevern, og desse er ikkje tilfredstillande og godt nok oppdaterte. Kommunen har nytta planverk frå samarbeidskommunar for å tilfredstille behovet for dette oppdaterte planverket. Det er behov for å prioritere å få på plass eigne planverk som er oppdaterte og tek inn erfaringar som er gjort under koronapandemien for smittevernshandtering, testing, vaksinerings osv. Planarbeidet vert planlagt i 2021.

## **Andre beredskapsplanar**

Både brann, NAV, barnehagar og skular har eigne beredskapsplanar, og dei har sjølve ansvar for å revidere desse og ajourhalde årleg (og ved behov).

## **Staus og vurdering av kommunale reguleringsplanar**

Lærdal kommune har i dei siste åra prioritert reguleringsplanar som er viktig for å klargjera utbyggingsareal for bustader, næringsareal samt deponiareal og infrastruktur for dei store veganlegga. Det har vore gjennomført mange større reguleringsplanprosessar, som har vore både tidkrevjande og ressurskrevjande. Arbeidet i valperioden må vurderast i forhold til kapasiteten. Arealdelen vert no revidert, noko som kan føre til fleire reguleringsplanprosessar etterpå for å følge opp utviklingsplanane. Det er viktig å prioritere å fullføre dei planane som kommunen er i gang med, før ein set i gang med nye planar.

Kommunen har desse planane i gang som bør slutførast i planperioden:

- Områderegulering for Strendene
- Områderegulering for Erdal
- Detaljregulering for Grandane med Lærdal Fjordfront
- Detaljregulering for bussparkering på Lærdalsøyri
- Detaljregulering for Hanseskogen bustadfelt
- Detaljregulering for flaumsikring av Lærdalsøyri
- Detaljregulering for Håbakken, delområde 2